



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
104/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.11.2022
93/2022	Kommunestyret	PS	13.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-210, FA-U03	18/680

VEDTEKTER VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Vedlegg:

Vedtekter AO-senteret - framlegg 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene blir vedteke slik dei ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 104/2022

FPØ - Behandling:

Boris Groth (FRP) ber om at sin habilitet blir vurdert på bakgrunn av at han er styremedlem i AO senteret.

Kommunedirektøren tilrår at Boris Groth ikkje blir kjent ugild.

Formannskapet vedtek samrøystes at Boris Groth ikkje er ugild.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vedtektene blir vedteke slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter sine vedtekter har stått urørt sidan 2004. Dei treng no ei revidering, samt nytt vedtak, etter ny kommunelov. Dei vedlagte vedtektene er revidert og blir foreslått vedteke slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF sine gamle vedtekter blei vedteke i 2004, same år som selskapet er registrert i Brønnøysund. Aktivitetene har imidlertid vært før dette og sommeren 2022 feira selskapet 30 års jubileum. Mykje er endra sidan oppstart, både når det gjeld drifta av selskapet, og det formelle rundt kommunale føretak.

Dei nye vedtektene er i tråd med dei gamle vedtektene når det gjeld føremål for selskapet. Dette er at selskapet, mellom anna, skal tilby VTA plassar og skal utvikle ferdigheiter hos personar som av ein eller annan grunn ikkje kan delta i ordinært arbeid, eller kan direkte nytte seg av dei tilbod som NAV har. Dette er vidareført i dei nye vedtektene.

Vedtektene formaliserer også mykje av det arbeidet som er gjort i føretaket, og det samspelet som føretaket har med Vaksdal kommune. Rollar blir formalisert og ansvar blir sett der dei høyrer heime. Forholdet til kommunen blir tydeleggjort, mellom anna at det er Vaksdal kommune som har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette og at kommunedirektøren ikkje har direkte instruksjonsmynde ovanfor leiinga i selskapet når det gjeld dagleg drift. Dette er det kommunestyret som har.

Formelt grunnlag

Kommunelova, kapittel 9

Vurdering og konsekvensar

Vedtektene formaliserer forholdet til kommunen og vil klargjere kven som gjer kva i leiinga av føretaket. Det er ikkje nokon økonomiske konsekvensar for Vaksdal kommune, eller endring i etablert praksis, som følgje av vedtaksendingane. Det kan vere verdt å merke seg at det ikkje er lagt opp til nokon økonomisk kompensasjon, frå føretaket til Vaksdal kommune, for den jobben som kommunen gjer for føretaket, td. løns og rekneskapsarbeid. Dette kan det vere greitt å vere klar over når den økonomiske stoda til føretaket skal vurderast.